



Skinnarbu 18.12.2017

Adressater jamfør deltakarliste

## Referat referansegruppemøte for nytt GPS-merkeprosjekt på Hardangervidda og i Nordfjella

**Tid:** Tysdag 12. desember 2017

**Stad:** Vestlia Resort, Geilo.

**Møtt:**

Namn:	Instans:
Olav Strand	NINA
Lena Romtveit	Norsk villreinsenter Sør
Vegard Gundersen	NINA
Sofie Selvaag	NINA
Erik Lund	Miljødirektoratet
Pål Rosland	Veggdirektoratet
Therese Ruud	Veggdirektoratet
Ellen Korvald	Buskerud Fylkeskommune
Siri Bøthun	Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen
Lars Nesse	CWD-koordinator kommunane i Nordfjella og Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen
Per Aksel Knudsen	Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen
Even Knutsen	Fylkesmannen i Buskerud
Peter Köller	Fylkesmannen i Telemark
Jan Henning L'Abée-Lund	NVE
Frode Berntin Johannsen	NVE
Martine Hamnes	Villreinnemnda for Hardangervidda
Endre Lægreid	Villreinnemnda for Hardangervidda -leiar
Svein Erik Lund	Hardangervidda Villreinutval
Ragnar Ystanes	Hardangervidda Villreinutval
Henning Poulsøn	Hardangervidda Villreinutval
Torkil BratbergDokk	Hol kommune
Lars-Inge Enerstvedt	SNO
Eivind Tokheim	Odda kommune
Lars B. Præstiin	Ulvik Herad
Kjetil Heitmann	Naturforvalter AS
Øystein Aasland	FM Hordaland
Bjørn Bjørnsen	Tinn kommune
Jan Erik Reiten	DNT Oslo og Omegn

Even Knutsen (Fylkesmannen i Buskerud) ynskte velkommen og gjekk gjennom dagens agenda. Då det ikkje er halde eigne møte i dei ulike arbeidsgruppene i 2017, var difor alle involverte partar invitert til dette møtet for ei statusoppdatering. Ein legg opp til eigne møte i dei ulike arbeidsgruppene i 2018,

samt eit nytt møte i Referansegruppa mot slutten av året. Før ein gjekk i gang med dagens orienteringar var det ein runde med presentasjon av alle deltarane.

## **Sak 1) Overvaking av Rv7 v/Erik Lund (Miljødirektoratet, MiD) og Pål Rossland (Statens vegvesen, SVV):**

Erik Lund tok ein gjennomgang av overvakings- og stengingsregimet for Rv7. Dette har fått mindre justeringar sidan det blei nedfelt i 2004. Kommandolinja er slik at det er Miljødirektoratet som tilrår stenging, medan det er Vegdirektoratet som vedtek stenging. Vegen har berre vore stengt 2 gonger etter dette (i 2014 og i 2015) og ein kjenner med det for lite til effekten av stenging på reinen.

Det ein har mykje erfaring med etter kvart er sjølve driftsregimet. Generelt kan ein sei at GPS-data gjev verdifulle data og kunnskap om effekten av vegrar på rein. Det overordna målet er heile vegen å sikre/auke trekkmøglegheitene mellom villreinområda, men dette er midlertidig lagt på is fram til CWD-situasjonen er meir avklart, gjennom sanerings- og brakkleggingsperioden.

Handteringa av kryssingar av Rv7 sett opp mot situasjonen med CWD-arbeidet i Nordfjella er som følgjer:

- Ikkje ynskjeleg at rein frå Hardangervidda skal koma inn i Nordfjella per i dag.
- Miljødirektoratet vil ikkje gå inn for stenging av Rv7 komande vinter som følgje av dette. Det kan likevel, under særskilte forhold, vera aktuelt å stenge vegen for å gje reinen betre tilgang til beiteområda tettare opp mot vegen. Dette er areal som er lite i bruk per i dag.
- Dersom det skal gjerast tiltak for å hindre blanding av rein mellom Hardangervidda og Nordfjella, bør ein i større grad sjå til at rein frå Nordfjella ikkje kjem sørover Rv7 og evt legge inn tiltak for eksempel på Finsetunnelen.

For Statens Vegvesen (SVV) er det viktig å sikre framkommelegheit, trafikktryggleik og miljø. Villrein er eit viktig aspekt i det sistnemnte. SVV vidarefører sin del av denne avtala på bakgrunn av dei vedtaka som ligg fast. Turistvegprosjektet gjer også at ein treng GPS-data framover for å sikre kunnskapen om reinen i relasjon til denne vegen og satsinga på den som turistveg. SVV er opne for justeringar, men det er ingen endringar på gang per i dag.

Sjå vedlagt presentasjon frå Erik Lund for meir informasjon.

## **Sak 2) Økonomi v/Lena Romtveit (NVS)**

Under gjennomgangen av økonomien i prosjektet blei det halde fram av prosjektleiinga at det er viktig at alle bidreg til å ikkje komplisere eller auke administrasjonsarbeidet i prosjektet, ved å vera seine til å svare på søknadar og brev, ha spesialfristar for rapportering eller form på søknadar osv. Det blei også spela inn til Miljødirektoratet (MiD) at ein ynskjer seg ei forenkla rapportering i ESS. Erik Lund tar dette med tilbake til MiD. Det kom også fram at Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet hadde bidrige med kr 100.000,- til ferdsselsprosjektet i 2016, noko som ikkje kom fram i tala lagt fram på møtet.

Mange meiner at finansieringa av slike store prosjekt er eit ansvar som ligg til MiD. Det er likevel viktig å ha med seg at det ofte er dei små bidraga frå dei mange som er med på å få økonomien til å gå i hop, i tillegg til at dette også er viktig for å sikre brei lokal forankring av prosjekta.

Økonomien i prosjektet er fordelt på tre prosjektnummer i rekneskapen:

- Hardangervidda

- Nordfjella
- Ferdsel

For hovudprosjektet Hardangervidda er det så langt i 2017 fakturert for til saman kr 793.107,- til Statens Vegvesen og Buskerud Fylkeskommune.

For delprosjektet i Nordfjella er det fakturert for til saman kr 730.000,- i 2017, til Miljødirektoratet (merking til arbeidet med CWD) og E-Co (merking i samband med revisjonsarbeid).

Til delprosjektet på ferdsel er det løyvd og kome inn til saman kr 1.317.000,- i 2017.

Hovudprosjektet for Hardangervidda dreg med seg eit underskot frå tidlegare år og har dermed eit underskot så langt i 2017 på kr -98.846,-.

Tilsvarande har delprosjektet i Nordfjella totale utgifter sidan oppstart på kr 769.274,-, noko som gjev eit underskot så langt i 2017, etter at utgåande fakturaer er komne inn på kr -39.274,-.

Ferdsselsprosjektet har hatt samla utgifter på kr 1.632.794,- sidan oppstarten i 2016. Dei samla inntektene så langt er kr 1.317.000,- for 2017 og kr 250.000,- for 2016 (150' frå villreinutvalet og 100' frå nemnda); totalt kr 1.567.000,-. Når ein trekker ifrå utgiftene så langt, på totalt kr 1.632.794,- gjev det ein negativ balanse på kr -65.794,- så langt i 2017.

Underskotet på både hovudprosjektet og ferdsselsprosjektet vil bli henta inn att ved justering av timetal internt på NINA. For Nordfjellaprosjektet vil dette måtte hentast inn att i løpet av prosjektperioden.

Sjå vedlagt presentasjon for meir informasjon.

NB! Nokre av tala som blei presentert i møtet er justert i etterkant som følgje av ny informasjon.

### **Sak 3) Nasjonal Turistveg Rv7, v/Therese Ruud:**

Nasjonal Turistveg er eit konsept der ein legg til rettes for at rundreiseturisten skal få oppleve norsk natur og nyskapande arkitektur. For Rv7 har ein no ein strekningsplan som det vil bli arbeidd med utover vinteren 2018.

Moment ein vurderer i samband med strekningsplan;

- Korleis ta omsyn til villreinspørsmålet? Foreslår difor å «skjerme» arealet mellom Dyranut og Halne.
- Opprydding i rastepllassar; ein vil truleg foreslå både nokre nye rastepllassar og kanskje sanere nokon av dei eksisterande eller overlevere drifta til andre aktørar.
- Toaletsituasjon: Ein ynskjer fortrinnsvis å styrke eksisterande aktørar i staden for å bygge nye frittståande toalett over vidda. Turistvegseksjoen planlegg nye toalett ved Fossli og Fossetromma, i tillegg til å lage eit ved Måbø gard med tida, elles er der ikkje ynskje om å lage fleire rastepllassar med toalett.
- Parkeringsplass/rastepllass i aust- ein ynskjer å finne eit fint punkt i området ved Ørteren som kan leggast til rette som ein rastepllass.
- Vurderer ny informasjonsstrategi..

Konkret arbeider SVV no med ny rasteplass ved Våkavadet (som skal byggast i 2019). Dei vil sanere rasteplass ved Skiftesjøen, men ein blir ikkje heilt fullstending kvitt denne då den har mange lokale brukarar. SVV ser også på om det kan vera nye moglegheiter rundt Ørteren, jfr at ein ynskjer å legge til rette i kvar ende av den strekningen av omsyn til reinen. Dersom det er noko i dette området som er aktuelt i perioden fram til 2023, så trengs det i så fall meir pengar.

Generelt ynskjer SVV å sanere stoppestader som er i konflikt med villrein. Her får merkeprosjektet og ferdsselsprosjektet ei viktig funksjon for dette arbeidet. Døme på slike område er t.d. rundt Ørteren, der ein er kjend med at ei av dei viktigaste trekkrutene for reinen over Rv7 går. Vegvesenet er vel kjende med denne problematikken og har dette langt framme i sine vurderingar av ulike tiltak. I

utgangspunktet arbeider SVV med sommaraktiviteten, men kan gjerne også jobbe med vinteraktiviteten, men dette må då skje i samarbeid med andre aktørar.

Det kom innspel frå villreinutvalet om at det også trengs ein vinteraktivitetsplan for dette strekket; noko som er særleg relevant i samband med Skiftesjøen. Punkta SVV vel for tilrettelegging må ha sterkt effekt til å ta av for dei punkta som verkeleg treng avlastning. Konkret handlar praktisk tilrettelegging for kanalisering og skjerming, om informasjon, skilting, merking osv.

Sjå vedlagt presentasjon for meir informasjon.

## **Sak 4) Besøksstrategiarbeidet v/Øystein Aasland (FM Hordaland):**

Miljødirektoratet starta arbeidet med besøksforvalting i 2014. Brukarundersøkingar, sårbarheitsvurderingar, kartlegging av ferdsel og friluftsliv osv. er viktige verktøy for å ha god nok kunnskap til å lage ein besøksstrategi for eit område.

Arbeidet på Hardangervidda styrast av verneområdeforvaltinga (tre fylkesmenn og tre tilsynsutval), og arbeidet leiast av Fylkesmannen i Hordaland. Viktige omsyn i arbeidet er (i prioritert rekkefølge):

- Omsynet til verneverdiar
- Besøkande sine opplevelingar
- Lokal verdiskaping

Besøksstrategien for Hardangervidda vil i tillegg famne om Møsvatn Austfjell Landskapsvernombord, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen Landskapsvernombord, Bjoreiddalen naturreservat og Hondle Landskapsvernombord med dyrelivsfredning. Det samla arealet blir på totalt 4302 km<sup>2</sup>.

Besøksstrategien vil bli eit vedlegg til forvaltningsplanen som vil måtte kunne reviderast i framtida. Det er gjort eit forarbeid i 2016 med ei grovmaska kartlegging av små og store innfallsportar rundt nasjonalparken. Til saman 150 utgangspunkt for ferdsel rundt vidda. Dei fleste og utanfor og til dels langt frå verneområdegrensene.

Utkast til besøksstrategi skal sendast til høyring i løpet av august 2018. Etter høyring vil strategien bli sendt til MiD for fagleg godkjenning. Når Forvaltningsplanen seinare skal rullerast vil besøksstrategien bli ein del av dette.

FM Hordaland søker MiD om midlar i løpet av desember. Dei ser også trangen for vinterkartleggingar og tar gjerne med kostnadsoverslag for ei slik registrering inn i søknaden til MiD.

Sjå vedlagt presentasjon for meir informasjon.

## **Sak 5) Status for ferdelsprosjektet v/Vegard Gundersen:**

Prosjektet starta med nokre teljepunkt i 2016, samt vinterteljingar langs stikka løyper på austvidda, nærliken til vinterbeite til reinen, vinteren 2017. Den store ferdelsregistreringa gjennomført sommaren 2017. Jamt over er ein nøgde med dei data ein har fått inn så langt.

I hovudsak brukar to ulike metodar for å få oversynet på vidda; automatiske teljarar ute i terrenget, samt svarkjema i kasser ved ulike innfallsportar til vidda. I svarkjema blir ein også beden om å teikne inn turruta si, noko som blir brukar til å lage eit intensitetskart for kvar av innfallsportane. Det er kanskje 10-20% av dei som passerer ein teljar som svarar i ei svarkasse i nærliken. Dei ein får mykje kunnskap om er dei som i stor grad følger infrastruktur, mens dei ein ikkje fangar i så stor grad

er mest lokalbefolkning som går meir uavhengig av stinettet. Data frå teljarane kan visast på tur-/retur, tid på døgnet, dato og vekedagar.

- Data kan nyttast til å sjå på HV i forhold til andre område
- Variasjon i besøksprofillar/volum innfallsportar
- Villrein-ferdselsanalysar/avbøtande tiltak
- Besøksstrategiar
- Næringsutvikling lokalt og utvikling av turisme

Litt om kva ein har funne og som er spesielt for Hardangervidda:

- Veldig mange overnattar inne i området (52%) og brukar mykje tid i området.
- Dei som brukar HV er midt på treet interessert i tilrettelegging, men dette varierer mellom dei ulike lokalitetar.
- Der er relativt mange utlendingar som besøker HV.
- Det er også mange som besøker området for fyrste gong.
- Ca.77% av dei som svarar følgjer T-merka stiar og infrastruktur.
- Det er relativt få barn på tur i dette området til samanlikning med andre område.

Prosjektleiinga ber om innspel til spørsmåla som brukast i svarskjemaet (vedlagt).

Ferdelsdata kan brukast inn i villreinprosjekt på mange måtar og gjerne spissast til ulike tema. Ein kan trekke folk til dei områda ein ynskjer ved å legge til rette med infrastruktur og attraksjonar.

Vidare med dette kan ein skjerme meir sårbare område. Eit døme kan vera Trolltunga; dersom ein legg til rettes her; kva effektar får dette vidare innover på vidda?

Kunnskapen som blir samla inn gjennom dette ferdelsprosjektet vil kunne danne grunnlaget for forvaltninga til å lage seg verktøy for å handtere ferdsel og ulike brukargrupper.

Sjå vedlagt presentasjon for meir informasjon.

## **Sak 6) Mogleg fokusområdeprosjekt langs Rv7 v/Vegard Gundersen:**

Opp imot ferdelsprosjektet (som vist til over) går det også eit arbeid med å få i gang eit eige fokusområdeprosjekt langs Rv7 saman med SVV (Miljøseksjonen og Nasjonal Turistveg). Her er det aktuelt å samordne data frå både parkerte bilar langs vegen, intensivert innsamling av data frå teljarar ut ifrå både tråkk og merka stiar med utgangspunkt i vegen, samt svarkasser på aktuelle innfallsportar og stopp-punkt langs vegen. SVV vil spele inn kva behov dei har for kartlegging, og så vil prosjektleiinga levere eit framlegg til prosjektstruktur ut i frå dette.

## **Sak 7) Verdiskapingsprosjekt «Velkommen til villreinfjellet» felles for Hardangervidda og Nordfjella, v/Ellen Korvald:**

Buskerud Fylkeskommune har på vegne av Regionalplan for Hardangervidda med Hardangerviddarådet og Regionalplan for Nordfjella med Nordfjellarådet, søkt inn og fått tildelt midlar til eit forprosjekt gjennom Verdiskapingsprogrammet «Villreinfjellet om verdiskaper» frå Miljødirektoratet. Dette forprosjektet skal brukast til å avklare og konkretisere aktuelle tiltak. Prosjektet er også kopla saman med Nore- og Uvdals prosjekt i det same programmet; «Tettere på villreinfjellet». Prosjektansvaret ligg hjå Buskerud Fylkeskommune ved Ellen Korvald. Det er i desse dagar sendt ut invitasjon til 5 ulike konsulentar om å gje tilbod på prosjektleiinga.

Målet med prosjektet er å bygge «villreinfjellet» som merkevare og på den måten skape grunnlag for verdiskaping. Dette skal skje utan at det har kostnad for villreinen. Dette kan skje gjennom t.d. å legge til rette rundt fangstminne, jakte, foredle lokale matvarer, besøke informasjonspunkt, lære om fjellet osv. Forprosjektet som no skal i gang skal definere og konkretisere tiltak som skal kunne gjennomførast i oppfølgjande hovudprosjekt. Tanken er å bygge vidare på etablerte satsingar og stader. Forprosjektet skal vidare mobilisere gjennom å bygge bruer og nettverk, skape stoltheit rundt eit felles villreinfjell og konkretisere handlingar gjennom medverknad og dialog.

Hovudmålet med prosjektet er å sette fokus på Rv 7 og Rallarvegen med tanke på gode løysingar for korleis stor trafikk og ferdsel kan tilpassast ei langsiktig forvalting av villreinen. Utvikle ei felles informasjonspakke om villrein og villreinfjellet. Utvikle grunnleggjande og attkjennande fellesnemnar med tanke på fysisk utforming av informasjonspunkt (logo, standard på skilt, bord og benker osv.). Bygge på etablerte standardar, men også gje rom for lokal tilpassing. Til dette hadde SVV eit innspel: SVV har mange ulike aktørar som skal vise fram si merkevare på deira infopunkt; kanskje lurt å tenke igjennom kor vidt ein skal marknadsføre villreinfjellet som «ny» merkevare, framfor å hekte dette på ei alt eksisterande merkevare.

Prosjektet forutset brei involvering av offentlege og private. Det må ha ei styringsgruppe med leiarar frå både Nordfjella- og Hardangerviddarådet, ordførarar, reiselivsbedrift, turistkontor, grunneigar m.fl.

Buskerud FK avklarar konsulent i januar, som ein ynskjer skal starte opp i februar. Prosjektet skal gå i 2018. Forprosjektet vil måtte avklare kva ein ev. skal søke om av midlar til vidare i hovudprosjektet.

Sjå vedlagt presentasjon for meir informasjon.

## **Sak 8) Merking 2017 og 2018, ved Olav Strand:**

Det blei GPS-merka mange (totalt 15) nye dyr i Nordfjella i samband med CWD-arbeidet der. Signalene er at ein må ha merking både i sone 1, med tanke på å følgje opp saneringsarbeidet der. Samt i sone 2 med tanke på å følgje opp reinen i dette området vidare i forhold til smitte, utveksling osv. Parallelt er det også viktig at merkinga på Hardangervidda blir oppretthalden med tanke på å kunne følgje med på og kontrollere ev. trekkaktivitet opp mot Nordfjella. Det blir truleg ein relativt lang tidshorisont på dette.

Merkinga i Nordfjella gjekk greitt, men kosta litt meir enn normalt, då ein ikkje hadde tid til å vente på godt ver osv. slik ein elles gjer. Av dei merka blei det også sett på ein del totalt 5 satelittsendrar på bukk. Det er aktuelt å sette på slike satelittsendrar både i Sone 2 i Nordfjella og på Hardangervidda, som følgje av at det fleire område i både desse områda (opp mot Rv7 på Hardangervidda) som har därleg dekning. Det er i 2018 snakk om å merke 6-7 dyr i Sone 2, inklusiv områda mot Raudafjell. Under merkinga av ein bukk (av dei 8 som då hadde blitt merka) i Nordfjella i 2017, blei det teke ei prøve av noko lymfevev i endetarmen, der det seinare blei det påvist positiv prøveresultat. Denne blei spora opp og avliva. Prøvetaking etterpå viste at denne berre var positiv i lymfa og ikkje i hjerne/sentralnervesystem.

Ein GPS-merka 14 dyr på Hardangervidda i 2017. Dette gjekk fint og merkekostnaden kom på ca. 30-40.000 per dyr i denne omgang, noko som er bra. Det er då så mange dyr som er merka der no (16-17 i drift per i dag) at det er ikkje aktuelt å merke meir før vinteren 2019.

I samband med CWD-arbeidet i Nordfjella er det også no sett i gang merking på hjort i randområda mot Nordfjella villreinområde.

## Sak 9) CWD-arbeidet i Nordfjella, ved Lars Nesse:

Arbeidet med handteringa av skrantesjuken som blei påvist på villrein i Nordfjella i 2016, har no gått i om lag eitt år. Per i dag er 366 dyr felt av statleg fellingslag i Nordfjella sidan 6. november.

Kommunane har teke ei aktiv rolle i arbeidet. Det har ei stor verknad i lokalsamfunna; det påverkar mange. Det er stort engasjement og omfattande lokalkunnskap som trekkast inn. Lærdal har hatt store miljøkriser før; påvisinga av gyro i Lærdalselvi. Det tok om lag 20 år frå dette blei påvist til elva blei friskmeldt i 2016. Lokalt er det frykt for kva følger dette får for vidareføringa av jaktradicjonen og vidareføringa av slik kunnskap frå generasjon til generasjon.

Det er etablert eit arbeidsutval (Aurland, Lærdal, Hemsedal) med lokal koordinatorfunksjon (Lars Nesse). Kommunane arbeider med å bygge ein samspelsmodell mellom Klima og Miljødepartementet, Landbruksdepartementet og nasjonal styringsgruppe (Miljødirektoratet og Mattilsynet) med representantar frå kommunane og lokal villreinforvaltning. Samt regional/lokal koordinering med CWD-koordinator, lokal styringsgruppe med utval frå tre kommunar og villreinforvaltning.

Lokalt er ein ikkje heilt nøgd med den prøvetakinga som blir gjort om i ulike andre område. I Nordfjella er det i tillegg til saneringa og prøvetaking i samband med dette, også lagt opp til utvida felling av hjort i områda rundt, og prøvetaking av desse.

Det er lagt opp til eit storstilt arbeid knytt til beitedyr i området, der det er sett opp saltsteinsgrindar (6-7000 grindar) rundt i fjellområdet for å hindre hjortevilt i få tilgang til desse. Slike saltsteinsplassar er rekna som viktige smittepunkt mellom ulike hjortevilt og også beitedyr.

I samband med handteringa av saltsteinsplassane har det vore mykje arbeid med at oppsettinga av desse grindene per i dag krev søknad etter Plan- og Bygningslova, samt underskrifter frå grunneigarane på at dei aksepterer tiltaket. Det er difor på mange måtar utfordrande at det frå alle hald er sagt at ein med dette sjukdomsbiletet står i ei krise, men det opplevast likevel som at ein med mange praktiske utfordringar i arbeidet ikkje har lagt til rette for å lette eit krisearbeid.

Mykje er skjedd både administrativt og praktisk i dette arbeidet i 2017.

- AU tre møte og eitt møte med landbruksministeren
- Momentliste/program -spelt inn til departementet
- Avtale MiD tenestekjøp -1,1 mill.
- Samordningsmøte MiD/Mattilsynet, FM
- Eige møte FM og FK
- Møte med landbruksministeren og mattilsynet 06.11.17

Praktisk:

- Grinder
- Saltingsplassar
- Prøvetaking/utstyr

- Utvida jakt
- Informasjonsmøte
- Handsaming av kjøt/viltbehandlingsanlegg

Status:

- Saneringsvedtaket står ved lag.
  - o Nasjonale styresmakter er tryggare på saneringsvedtaket enn då det blei fatta.
  - o Saneringa har starta.
- Kommunen har inga rolle i saneringa.
- Kommunane har ei viktig rolle i hjorte- og utmarksforvaltinga, med tanke på smittevern mot mellom anna hjort.

Lars viste eit kart over GPS-data på hjort som viser tre hjortekoller som har trekt i kvar sine retningar på nordsida av Nordfjella. Trekkrutene desse viser er eit skrekksenario med tanke på dersom ein får hjort som blir smitta med den klassiske-, smittsame CWD-typen.

Utfordringar framover for kommunane:

- Ein treng eit heilskapleg program for å forstå samanhengane.
  - o Med definert innhald for å hindre smittespreiing, bandlegging av areal og gjenoppbygging.
  - o Rolle- og oppgåvefordeling kommunal- og nasjonal.
  - o Kunnskapsbygging og metodeutvikling
  - o Drift og finansiering.

Sjå vedlagt presentasjon for meir informasjon.

## **Sak 10) Status for Kraft- og Anleggsprosjektet i Nordfjella, ved Siri Bøthun:**

Konsesjonane i Nordfjella ligg hjå to kraftselskap; Østfold Energi har Lærdalsvassdraget og E-CO energi har dei øvrige (Aurlandsvassdraget på vestsida og Hemsvassdraget, Holsvassdraget og Ustevassdraget på austsida).. Mellom fleire av reguleringsmagasina er det lange strekk med bratte lier og stup-kantar som reinen ikkje brukar som trekkområde. Pålegg frå NVE kombinert med initiativ frå regulant sjølv var utløysande for å få i stand merkeprosjekt i dette området. Det kom pålegg om GPS-merking i samband med konsesjon for nytt kraftanlegg i Gravdalen og damrehabilitering for Flævassmagasinet (Hemsvassdraget). I tillegg tok E-Co eit eige initiativ til å bidra til merking i samband med ein overordna plan for Aurlandsvassdraget. Målet med merkinga er å lære om reinens forhold før-, under og etter eit anleggsarbeid. Det har også ein stor verdi for å kunne tilpassa arbeida sine til kvar dyra står. Det vart ikkje igangsett kraftverksbygging i Gravdalen pga. nedgang i lønnsemada. Det er no berre E-Co som står att i dette prosjektet. Dei har i dette arbeidet blei lokal villreinforvalting, kommunane med fleire invitert til å delta.

Målet i prosjektet er: Fokus på kraftanlegg og anleggsarbeid (damrehabilitering), overvakning av anlegg og dyras områdebruk. Direkte dialog mellom partane; unngå diskusjon via høyringer etc.

Arbeidsgruppa køyrer 2 årlege møte; vår- og haust. Vårmøte førebur sesongens anleggsarbeid, - tilpassingar av transport, fysiske avbøtande tiltak m.m. Haustmøtet oppsummerer årets sesong, med erfaringar med dialogar, reinens respons på arbeidet osv.

Arbeida til E-Co skal gå fram til 2023 og har laga ein framdriftsplan med oversyn over både støre arbeid, mindre arbeid i eigen regi, sakshandsaming osv.

I Miljøplanane har dei inne at det skal vera driftsstopp i anleggsområdet dersom reinen nærmar seg.

Prosjektleiar fører loggskjema over aktivitet som kan ha påverking på dyrelivet og dokumenterer samtidig dyras aktivitet med bruk av [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no).

Kan gruppas arbeid brukast som «Beste praksis»?

- Konstruktiv arbeidsform med direkte dialog som hovudregel.
- Truleg overførbar til andre viktige fagfelt der det kan oppstå konflikt mellom villreininteresser og andre samfunnsinteresser.
- Arbeider no med eit erfaringsnotat frå prosjektet som grunnlag for utforming av «beste praksis».

Så langt har arbeida gått i Sone 2, men det og eit stort anlegg som ligg i sone 1 som også skal tas. Tidshorisonten frå E-Co går fram til 2023 og dette bør slik sett kunne skje innom den brakkleggingsperioden som er lagt opp til i CWD-arbeidet.

Sjå vedlagt presentasjon for meir informasjon.

## Oppsummering og avslutting:

Det blir lagt opp til møte i arbeidsgruppe 2 med Kraft og anlegg i Nordfjella den 10. januar. Vidare er det ynskje om eit møte i arbeidsgruppe 3 om ferdsel så snart som råd (dette blir truleg samordna med arbeidsgruppemøte i rulleringsarbeidet for Regionalplan Hardangervidda i februar). Arbeidet med oppfølginga av regionale planer og handlingsprogramma går sin gang gjennom arenaen for rullinga av Hardangerviddaplanen, samt i samband med verdiskapingsprosjektet i regi av Buskerud Fylkeskommune. Ein ser stadig at det er viktig å halde denne typa arena for å sikre dialog og gode koplingar mellom delprosjekt som jamleg har fleire fellesnemnarar. I alle tema som var oppe på møtet har både GPS-data frå villrein, samt for ein del; ferdelsdata frå folk på Hardangervidda, ein nykelfunksjon. Kunnskapsbygging om - tilrettelegging for – planlegging- og styring av t.d. ferdsel blir mogleg på denne måten. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda ser difor ut til å spela ei viktig rolle i å bidra til at fleire ledd i både lokal og sentral forvalting får tilgang til heilt sentral kunnskap for eige bruk men også om andre aktørars aktivitet og funksjonar.

## Adressatar:

- Fylkesmannen i Buskerud v/Even Knutsen, postboks 1604, 3007 Drammen ([fmbuevk@fylkesmannen.no](mailto:fmbuevk@fylkesmannen.no))
- Fylkesmannen i Hordaland v/Øystein Aasland, Postboks 7310, 5020 Bergen ([fmhooaa@fylkesmannen.no](mailto:fmhooaa@fylkesmannen.no))
- Fylkesmannen i Telemark v/Peter A. C. Køller, Statens hus, 3708 Skien ([fmtepko@fylkesmannen.no](mailto:fmtepko@fylkesmannen.no))
- Fylkesmannen i Telemark v/Hans Bakke, Statens hus, 3708 Skien ([fmtehba@fylkesmannen.no](mailto:fmtehba@fylkesmannen.no))
- Buskerud Fylkeskommune v/Ellen Korvald, Utviklingsavd, Fylkeshuset, 3020 Drammen ([ellen.korvald@bfk.no](mailto:ellen.korvald@bfk.no)).
- Telemark Fylkeskommune v/Geir Sørum, Postboks 2844, 3702 Skien ([geir.sorum@t-fk.no](mailto:geir.sorum@t-fk.no))
- Hordaland Fylkeskommune v/Snorre Waage, Postboks 7900, 5020 Bergen ([snorre.waage@hfk.no](mailto:snorre.waage@hfk.no))
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet v/Martine Hamnes, Sentrum 20, 3630 Rødberg ([villrein@online.no](mailto:villrein@online.no))
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet v/Endre Lægreid, Eidfjordvegen 289, 5783 Eidfjord ([endre.laegreid@norconsult.com](mailto:endre.laegreid@norconsult.com))
- Hardangervidda Villreinutvalg v/Svein Erik Lund, 3630 Rødberg ([svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no](mailto:svein.erik.lund@nore-og-uvdal.kommune.no))
- Hardangervidda Villreinutvalg v/Henning Poulsøn, St. Edmundsvei 31, 0280 Oslo ([henning.poulsøn@me.com](mailto:henning.poulsøn@me.com))
- Hardangervidda Villreinutvalg v/Ragnar Ystanes, Ystanes, 5781 Lofthus ([ragnar.ystanes@kinsarvik.net](mailto:ragnar.ystanes@kinsarvik.net))
- Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd, Siri Bøthun Naturforvaltning, Hovsgranden, 6896 Fresvik ([post@sbnatur.no](mailto:post@sbnatur.no))
- Kommunane i Nordfjella, CWD-koordinator, Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd, v/Lars Nesse, 6888 Borgund ([larsnesse@sogn.no](mailto:larsnesse@sogn.no))
- Nordfjella Villreinutval v/Sigmund Tveitehagen, Votndalsvegen, 3570 Ål ([sigmund\\_teveitehagen@yahoo.no](mailto:sigmund_teveitehagen@yahoo.no))
- Nordfjella Villreinutval v/Harald Skjerdal, Skjerdalsvegen 116, 5745 Aurland ([harald.skjerdal@alb.no](mailto:harald.skjerdal@alb.no))
- Statens Vegvesen – Vegdirektoratet v/Pål Rosland, Pb 8142, 0033 Oslo ([paal.rosland@vegvesen.no](mailto:paal.rosland@vegvesen.no))
- Statens vegvesen, avd Nasjonal Turistveg v/Therese Ruud, ([therese.ruud@vegvesen.no](mailto:therese.ruud@vegvesen.no))
- Statens vegvesen, Miljøseksjonen v/Karianne Thøger Haaverstad ([karianne.thoger-haaverstad@vegvesen.no](mailto:karianne.thoger-haaverstad@vegvesen.no))
- NVE v/Jan Henning L'Abée-Lund, Pb 5091 Majorstua, 0301 Oslo ([lbl@nve.no](mailto:lbl@nve.no))
- NVE v/Frode Berntin Johansen, Pb 5091 Majorstua, 0301 Oslo ([fbj@ne.no](mailto:fbj@ne.no))
- E-CO energi v/Lars Oust ([Lars.Oust@e-co.no](mailto:Lars.Oust@e-co.no))
- E-Co energi v/Alf Bjarne Hjelle ([alfbjarne.hjelle@e-co.no](mailto:alfbjarne.hjelle@e-co.no))
- E-CO energi v/Bjørn Otto Dønum ([bjornotto.donnum@e-co.no](mailto:bjornotto.donnum@e-co.no))
- E-CO energi v/Guttorm Mattismoen ([guttorm.mattismoen@e-co.no](mailto:guttorm.mattismoen@e-co.no))
- NINA v/Olav Strand, Postboks 5685, 7485 Trondheim ([olav.strand@nina.no](mailto:olav.strand@nina.no))
- NINA v/Vegard Gundersen, Vormstuguvegen 40, 2624 Lillehammer
- NINA v/Morten Kjørstad, Postboks 5685, 7485 Trondheim, ([morten.kjorstad@nina.no](mailto:morten.kjorstad@nina.no))
- Miljødirektoratet v/Erik Lund, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim ([erik.lund@miljodir.no](mailto:erik.lund@miljodir.no))
- Miljødirektoratet v/Kari Bjørneraa, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim ([kari.bjorneraa@miljodir.no](mailto:kari.bjorneraa@miljodir.no))
- NVS v/Marianne Singsaas, Skinnarbu, 3660 Rjukan ([marianne.singsaas@villrein.no](mailto:marianne.singsaas@villrein.no))
- Filefjell Tamreinlag, Tyinvegen 6922 Øye ([post@filefjell-reinlag.no](mailto:post@filefjell-reinlag.no))
- Statens Naturoppsyk v/Petter Bråthen, Reiselivssenteret, Vesleslåttvegen 13  
3580 Geilo ([petter.braaten@miljodir.no](mailto:petter.braaten@miljodir.no))
- Statens Naturoppsyk v/Knut Nyland, Skinnarbu, 3660 Rjukan ([knut.nylend@miljodir.no](mailto:knut.nylend@miljodir.no))
- Statens Naturoppsyk v/Lars Inge Enerstvedt, ([lars-ing.enerstvedt@miljodir.no](mailto:lars-ing.enerstvedt@miljodir.no))
- DNT v/Jan Erik Reiten, Postboks 7, sentrum, 0101 Oslo ([jan.reiten@dntoslo.no](mailto:jan.reiten@dntoslo.no))
- Vinje kommune v/Lasse Mathisen, Vinjevegen 192, 3890 Vinje ([lass.mathisen@vinje.kommune.no](mailto:lass.mathisen@vinje.kommune.no))
- Odda kommune v/Rolf Erling Loe, Opheimsgata 31, 5750 Odda ([rolf.loe@odda.kommune.no](mailto:rolf.loe@odda.kommune.no))
- Ullensvang herad v/Rolf Erling Loe
- Eidfjord kommune v/Gunnar Elnan, Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord ([gunnar.elnan@eidfiord.kommune.no](mailto:gunnar.elnan@eidfiord.kommune.no))
- Ulvik herad v/Lars Præstiin, Skeiesvegen 3, 5730 Ulvik ([lars.prestiin@ulvik.herad.no](mailto:lars.prestiin@ulvik.herad.no))
- Hol kommune v/Svein Eriksen, Ålmannvegen 8, 3576 Hol ([svein.eriksen@hol.kommune.no](mailto:svein.eriksen@hol.kommune.no))
- Nore- og Uvdal kommune v/Svein Erik Lund
- Rollag kommune v/Ellen Skarsten, 3626 Rollag ([ellen.skarsten@rollag.kommune.no](mailto:ellen.skarsten@rollag.kommune.no))
- Tinn kommune v/Bjørn Bjørnsen, Postboks 14, 3661 Rjukan ([bjornhelge.bjornsen@tinn.kommune.no](mailto:bjornhelge.bjornsen@tinn.kommune.no))